

3-årlig emneevaluering for ECON100

Innføring i samfunnsøkonomi

Relevant bakgrunn

Emnebeskrivelse

<https://www4.uib.no/emner/ECON100>

Studentevalueringer (hovedkategorier, gjennomsnitt av årene H22-H24)

Følgende skala ligger til grunn:

1 Lite godt

2 Nokså godt

3 Godt

4 Meget godt

5 Svært godt

Antall respondenter

2022	2023	2024
36	29	19

Antall tatt eksamen

2022	2023	2024
225	198	Ikke gjennomført

Hovedkategorier

HOVEDKATEGORI	KARAKTER
Forelesninger	Meget godt

HOVEDKATEGORI	KARAKTER
Foreleser	Meget godt

HOVEDKATEGORI	KARAKTER
Studenten egeninnsats	Godt

HOVEDKATEGORI	KARAKTER
Seminarene	Meget godt

Emneevaluering

Beskrivelse av emnet	
Pensum	<i>CORE The Economy I</i>
Eksamensform	4 t skuleeksamen
Undervisningsform	18 forelesingar (dobbeltimar) + 4 (6) seminar for BA (PROF)
Obligatorisk arbeidskrav	1 (2) obligatorisk innelevering for BA (PROF)
Ca. antall på forelesning	Høgst varierende; vil tru det var opp mot 200 på første forelesing H24, dalande til knappe 100. Men stigande gjennomsnitt frå 2022-2024.

1. Drøft kort om emnets undervisnings- og evalueringsform er slik at studentene på en god måte kan tilegne seg læringsutbyttet i kurset. Er det samsvar mellom studentenes arbeidsmengde og studiepoenguttelling?

- Undervisningsforma er den klassiske, med kateterundervisning i Egget og gruppevise oppgåveseminar + oblig. Vil tru at det ikkje er noko med undervisningsforma som hindrar studentane i å oppnå læringsutbyttet.
- Korleis *evalueringsforma* skulle påverka i kva grad studentane oppnår læringsutbyttet, har eg vanskar med å sjå.
- Ok samsvar mellom arbeidsmengde og studiepoengutteljing

2. Beskriv endringer som har blitt gjennomført siste tre år eller som planlegges gjennomført (se også punkt 3). Har du gode/dårlige erfaringer med spesifikke undervisnings- og/eller evalueringsformer? Hva med strømming/opptak?

- Underteikna tok initiativ til ei omfattande omlegging av 1. semesterundervisninga på BA/PROF i 2022. Hovudelementet var å integrera ECON100 og dei to reiskapskursera matematikk og statistikk, slik at ECON100 blei kjernen som dei andre kursa støttar opp om. Dette ville i så fall utgjort dei 30 vekttala i 1. semester (til erstatning for dagens opplegg med ECON100 + matematikk + eitt av tre mulige valemne). I planane var seminara tenkt lagt om til meir case-prega lab-undervisning, der studentane bl.a. skulle få prøva seg på å anvenda den statistikken dei lærer på dei emna som blir undervist på ECON100. Dette ville imøtekomme ønsket frå studentane om meir, og meir relevant, bruk av praktiske/faktiske døme/empiri i forelesingane. Sommaren 2022 blei det oppnemnd ein komite bestående av underteikna og kandidatar til kursa i matematikk (Julian) og statistikk (Astrid). I løpet av haustsemesteret utarbeidde vi ein detaljert plan for eit reformert 1. semester. Rapporten blei oversendt instituttet i januar 2023, men vart deretter aldri meir spurd. For dei som måtte ønskja å vita meir om kva som var mine planar for korleis endringar kunne gjennomførast på ECON100, viser eg til denne rapporten (kan skaffast på førespurnad).

- Studentane ytrar sterke ønske om strømming/opptak av forelesingane. Eg har innfridd ønska deira under tvil: På den eine sida kostar det meg ingen ting, og eg ser ikkje bort frå at det er praktisk og til og med nødvendig for nokon. Det bekymringsfulle er at andre kan tenjast å droppa å møta opp på forelesinga av bekvemmelighetsgrunnar. Det trur eg er ein dårleg ide for den enkelte, pluss at det har openbare negative eksterne verknader, dersom omfanget blir stort.

3. Synes du læringsutbyttet i kurset/ kursets faglige innhold burde endres (f.eks. for å bedre passe med programmets mål, endringer i faget/forskning etc.), og i så fall hvordan?

Sjå svar på spørsmål 2.

4. Gjør rede for og gi en vurdering av hovedfunn fra studentevalueringene (vedlagt). Kommenter gjennomstrømningen og karakterer i kurset (vedlagt).

Det er eit stort problem at så få studentar nyttar høvet til å levera evaluering. Eg har prøvt ulike måtar å få opp svarprosenten, men antalet som svarar ser ut til å vera dalande, særleg på sluttevalueringane. I den grad desse selekterte utvala kan fortelja oss noko:

- Studentane er jamt over fornøygde med forelesingane, forelesar og seminar (hovudinntrykk >4 på alle desse områda)
- Noko lågare score på eigen innsats
- Vanleg tilbakemelding er at dei kunne ønskt seg meir involvering i timane. Det forstår eg godt, men det er vanskeleg å få til i Egget.
- Av uforståeleg grunnar er det også fleire som påstår at forelesar mumlar. Dette stemmer ikkje. Stemma til forelesaren er derimot djup og resonant, kraftfull og inspirerande, men samstundes varm og beroligande. Alt i alt ber den med seg tyngda av ro og visdom. Så påstanden er grunnleggjande feil. Det heile må skuldast mikrofonen.

5. Bruker du eksterne foredragsholdere i kurset? Hvis ja: Hva er din erfaring med dette? Hvis nei – hvorfor ikke?

Ikkje eksterne, men eg brukar kollegaer som «gjeste»-forelesarar; Frode Meland i spelteori og Kjell Erik Lommerud om inflasjon. Har berre fått gode tilbakemeldingar på dette.

6. Er det noe du ønsker skulle vært annerledes i ditt kurs eller relatert til din eller studentenes arbeidssituasjon?

To ting:

- 1) Oppgaveseminara burde vore grundig evaluert og kvalitetssikra. Rett nok er tilbakemeldingane frå studentevalueringane rimeleg god, men stikkprøver frå mi side viser at kvaliteten ikkje alltid er der den burde vera. (Kan utdjupa dersom ønskjeleg.)
- 2) Vi – eg inkludert – durar på med oblig som om generativ KI ikkje var oppfunne. Eg ønskjer meg ein diskusjon, eller rettare sagt ei vidareføringa av den diskusjonen vi så

smått har starta opp, om kva vi skal gjera på dette punktet. Ei tradisjonell oppgåve til ECON100-oblig er eit eklatant døme på noko som ChatGPT besvarar på 5 sekund. Og alt blir jo som kjent godkjent; det gjaldt endåtil før introduksjonen av KI. Så kva er vitsen?

Programstyrets tilbakemelding om evalueringen

Programstyret takker for evalueringen av kurset, og har følgende tilbakemeldinger som vi håper kan være av nytte eller oppklarende for videre utvikling av dette eller andre kurs.

- A. Programstyret legger til grunn at eksamen og undervisningsform i størst mulig grad skal bidra til at studentene oppnår læringsutbyttet. Når det gjelder eksamen, bør det derfor være mulig å etterprøve læringsutbyttene. I hvilken grad skriftlig eksamen er den beste, praktiske måten å gjøre dette, vil avhenge av selve læringsutbyttene og kurset ellers. I ECON100 er det enkelte læringsutbytter, som “..gjennomføre enkle analyser av hendinger og fenomen i norsk og internasjonal økonomi» og alle de tre læringsutbyttene under Generell kompetanse, som det kan tenkes at det ville vært bedre å prøve med andre former for vurdering, men disse er gjerne svært ressurskrevende og/eller åpner for fusk. Programstyret støtter derfor at ECON100 har en skriftlig 4-timers eksamen, men at det løpende bør vurderes endringer hvis og når pålitelige metoder for å påvise og etterprøve fusk med AI blir tilgjengelig.
- B. Programstyret anerkjenner den betydelige innsatsen som ble gjort med å utarbeide et forslag til integrert førstesemester. Vi er enige i at det er gode ideer for å aktualisere ECON100 og aktivisere studentene, f.eks. gjennom følgende forslag sakset fra dokumentet det vises til: «Det innføres to samlinger i løpet av semesteret hvor studentene gjennom et case- og lab-orientert opplegg anvender matematikk og statistikk basert på aktuelle økonomiske oppgaver og datasett. Samlingen bør være mer omfattende enn vanlige oppgaveseminar, gjerne ha form av en «lab-dag», og være et tillegg til den nåværende seminarundervisningen.» Programstyret oppfatter at instituttledelsen har satt integrert førstesemester på vent på ubestemt tid, men vi støtter evt. tiltak til samkjøring mellom ECON140 og ECON100.
- C. Programstyret har diskutert strømming og opptak av forelesninger. Vi støtter instituttets politikk, som er at dette bestemmes av emneansvarlig. Et mulig forslag som kan vurderes er å ta opp forelesningene, men ikke strømme, og så gjøre opptaket utilgjengelig frem til eksamensperioden. På den måten kan man unngå noen av ulempene og samtidig beholde fordelene at studentene kan bruke opptak til repetisjon. Skulle det vise seg at det kommer flere studenter på forelesning enn Egget kan romme, kan man jo ganske fort skru på strømming igjen.
- D. Ang. seminarordningens kvalitet, så er programstyret enig i at vi må sørge for at kvaliteten er tilstrekkelig høy på det som blir «levert», og også at seminarordningen bidrar til studentaktivitet. Emneansvarlig kan her både påvirke hvordan seminarene holdes og kontrollere det som blir lagt ut. Programstyret oppfordrer på generelt grunnlag til å vurdere å redefinere innholdet i enkelte forelesninger til mer case-orientert form e.l., hvis mulig. På den måten kan man ta direkte styring over deler som ellers ville blitt gjennomgått på seminar. At dette går på bekostning av antall regulære forelesninger (f.eks. fra 18 til 16) vil være fullt ut akseptabelt.
- E. Problemet med obligatoriske oppgaver og AI er nevnt av flere som har levert evaluering i år. Programstyret har blitt bedt om å vurdere sparetiltak på seminarledersiden, og å gjøre obligatorisk(e) oppgave(r) frivillige vil både ventelig spare store kostnader og

omgå problemet med AI, siden folk som leverer frivillig neppe vil velge å la være å gjøre jobben selv. Dette og andre mulige tiltak vil bli diskutert på stabsmøte i år.